

## **BJØRNDALEN**

Høgdemeter over havet: 670m

Lengde: ca 3,5 km

Tid: 1,5 – 2 timar ein veg

Gradering: tung tur

**Vegskildring:** Køyr til parkeringsplass ved enden av Røystrandvegen/Rausvollvegen øvst i byggefeltet.

Her finn du ei informasjonstavle frå turlaget. Stien er raudmerka. Du går frå parkeringsplass opp traktorveg nær Skielva. Føl traktorvegen til endes forbi omformarmast på Rausvollane. Her heng ei turkasse ved Masta med skilt Rausvollane. Blåmerka løype til venstre går til Daurmålsnuten, eller over til Stokksel som er raudmerka. Du skal fylgje raudmerka løype mot Oksen og Bjørndalen. Etter masta går stien inn gjennom eit granfelt. Etter kvart vert det bratte motbakkar oppover Kleppe. Det er litt krevjande terreng her, men du får etter kvart fin utsikt. Du kjem vidare til eit skilt Øvre Kleppe og då går du over ei stor mye og vidare opp fleire bratte, men flotte haugar. No vil du straks sjå den raude hytta som er Karstenshytta. Her heng kassa på ei bjørk. Du passerer «Karsten-hytta», og du nærmar deg skoggrensa. Stien går framleis noko bratt oppover etter Karstenshytta før stien flatar så vidare ut mot Hovslag. Du passerer den nye 420 kV-linja og ned Reislegryvlet, ( bratt ned over elva) før stien går igjen noko nedover før du er framme ved stølen Bjørndalen.

**Turtips 1:** Den raudmerka stien fortset mot Oksatjørn og vidare mot toppen av Oksen.

**Alternativ nedtur og rundtur** kan vere å gå frå Bjørndalen rett nord om Tresprang. Følg skilt og merking. Her går du ned Langedalen, passerer Gjøtto, eit fint utsiktspunkt, og Sevfletene og her heng turkassa vi har kalla Bjørkehaugen (sjølve turen) før du endar nede på Hamrevegen ved Fureneset.

**GOD TUR!**